



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Fyresdal Næringshage
Dato: 02.05.2019
Tid: 19:00 – 19:25

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Karl Rune Hansen	Olav Gisle Noraberg	AP
Bjørg Taraldlien Hopland	Per Helge Seltveit	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Une Marit Aarback Tangen	Konst. rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
25/19 – 29/19

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Une Marit Aarbakk Tangen
Konstituert rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 25/19 Referatsaker

PS 26/19 Konstituering av assisterande rådmann frå 01.04.2019

PS 27/19 Søknad om skjenkeløyve - Bistro Teisner AS

PS 28/19 Organisering av NAV Fyresdal

PS 29/19 Utviding av aksjekapital i Telemarkrøye AS

Fyresdal 25. april 2019

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvaldssekretær

PS 25/19 Referatsaker

RS 11/19 Orienteringar

- Spørsmål om Telenor si nedlegging av koparnettet:
 - Telenor har invitert ordførar og rådmann til eit møte i slutten av mai der ein håpar å få meir informasjon.

PS 26/19 Konstituering av assisterande rådmann frå 01.04.2019

Innstilling frå rådmannen:

Kjersti Bergland blir konstituera assisterande rådmann frå 01.04.2019 fram til ny rådmann er på plass.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2019

Framlegg frå Nils Kristian Moe:

Saka utsettast til neste møte.

Samrøystes for framlegget frå Nils Kristian Moe.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2019

Saka utsettast til neste møte.

PS 27/19 Søknad om skjenkeløyve - Bistro Teisner AS

Innstilling frå rådmannen:

Bistro Teisner AS org nr 922393710, ved kontaktperson Robin Seljevold får innvilga skjenkeløyve i leigde lokal i Fyresdal Næringshage.

Type verksemd: Bistro Teisner, restaurant og catering.

Dagleg leiar og styrar: Trond Rustand f 03.05.68.

Løyvet gjeld skjenking av alkohol med inntil 60 volumprosent alkohol, inne i lokala og ute på terrassen. Skjenking må vere innafør området på skissert situasjonsplan.

Skjenking inne:

Alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent, kan skje kl 10.00-02.00, alkoholinnhald med meir enn 22 volumprosent, kan skje kl 13.00-01.00.

Skjenking ute:

Alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent kan skje måndag - torsdag, søndag og høgtidsdag kl 10.00-24.00, fredag, laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap kl 10.00-02.00.

Alkoholinnhald 22 volumprosent alkohol eller meir kan skje måndag - torsdag, søndag og høgtidsdag kl 13.00-24.00, fredag, laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap kl 13.00-01.00.

Det blir gitt unntak for krav om stedfortreder på grunn av storleiken på verksemda.

Løyveperiode: 03.05.19-30.06.20, løyvet blir gjeldande vidare inntil nytt kommunestyre ynskjer å endre reglane.

Løyvegebyr skal betalast kvart år. Bistro Teisner AS skal sende inn omsetningsoppgåve innan 15.02 til Fyresdal kommune.

Bistro Teisner AS må ha internkontroll.

Det må ved større arrangement vere tilstrekkeleg med vakter for å overhalde ro og orden.

Dagleg leiar må fylje Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune, Lov om omsetning av alkoholholdig drikk, (alkoholova) og Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2019

Tilleggsframlegg frå AP v/ Nils Kristian Moe:

Skjenking ute må skje innanfor eit avgrensa og inngjerda område.

Samrøystes for innstillinga frå rådmannen med tilleggsframlegget frå AP.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2019

Bistro Teisner AS org nr 922393710, ved kontaktperson Robin Seljevold får innvilga skjenkeløyve i leigde lokal i Fyresdal Næringshage.

Type verksemd: Bistro Teisner, restaurant og catering.

Dagleg leiar og styrar: Trond Rustand f 03.05.68.

Løyvet gjeld skjenking av alkohol med inntil 60 volumprosent alkohol, inne i lokala og ute på terrassen. Skjenking må vere innafør området på skissert situasjonsplan.

Skjenking inne:

Alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent, kan skje kl 10.00-02.00, alkoholinnhald med meir enn 22 volumprosent, kan skje kl 13.00-01.00.

Skjenking ute:

Skjenking ute må skje innanfor eit avgrensa og inngjerda område.

Alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent kan skje måndag - torsdag, søndag og høgtidsdag kl 10.00-24.00, fredag, laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap kl 10.00-02.00.

Alkoholinnhald 22 volumprosent alkohol eller meir kan skje måndag - torsdag, søndag og høgtidsdag kl 13.00-24.00, fredag, laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap kl 13.00-01.00.

Det blir gitt unntak for krav om stedfortreder på grunn av storleiken på verksemda.

Løyveperiode: 03.05.19-30.06.20, løyvet blir gjeldande vidare inntil nytt kommunestyre ynskjer å endre reglane.

Løyvegebyr skal betalast kvart år. Bistro Teisner AS skal sende inn omsetningsoppgåve innan 15.02 til Fyresdal kommune.

Bistro Teisner AS må ha internkontroll.

Det må ved større arrangement vere tilstrekkeleg med vakter for å overhalde ro og orden.

Dagleg leiar må fylje Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune, Lov om omsetning av alkoholholdig drikk, (alkoholova) og Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk.

PS 28/19 Organisering av NAV Fyresdal

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune går inn i NAV-samarbeidet i Vest Telemark snarast råd og tiltrer avtala på likelydande vilkår som dei andre kommunane med Tokke som vertskommune.

NAV og Kyrkja bytter kontorlokale då dette vil vere meir i tråd med behovet. Kostnader knytt til bytte vere dekt av leigetakarene.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 29.04.2019

Rådet meiner at det skal opprettast eit telefonnummer til NAV Vest Telemark slik at det blir enkelt å få tak i dei. Det er ikkje akseptabelt med eit sentralt telefonnummer.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med merknad om eige telefonnummer.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 29.04.2019

Fyresdal kommune går inn i NAV-samarbeidet i Vest Telemark snarast råd og tiltrer avtala på likelydande vilkår som dei andre kommunane med Tokke som vertskommune.

NAV og Kyrkja bytter kontorlokale då dette vil vere meir i tråd med behovet. Kostnader knytt til bytte vere dekt av leigetakarene.

Rådet meiner at det skal opprettast eit telefonnummer til NAV Vest Telemark slik at det blir enkelt å få tak i dei. Det er ikkje akseptabelt med eit sentralt telefonnummer.

Handsaming i Formannskap - 25.04.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 25.04.2019

Fyresdal kommune går inn i NAV-samarbeidet i Vest Telemark snarast råd og tiltrer avtala på likelydande vilkår som dei andre kommunane med Tokke som vertskommune.

NAV og Kyrkja bytter kontorlokale då dette vil vere meir i tråd med behovet. Kostnader knytt til bytte vere dekt av leigetakarene.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2019

14 røyster for innstillinga frå rådmannen.

2 røyster mot innstillinga frå rådmannen.

Tilleggframlegg frå ordføraren:

Som tillegget i REMNF:

Det bør opprettast eit telefonnummer til NAV Vest Telemark slik at det blir enkelt å få tak i dei.

Det er ikkje akseptabelt med eit sentralt telefonnummer.

Samrøystes for tilleggsframlegget frå ordføraren.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2019

Fyresdal kommune går inn i NAV-samarbeidet i Vest Telemark snarast råd og tiltrer avtala på likelydande vilkår som dei andre kommunane med Tokke som vertskommune.

NAV og Kyrkja bytter kontorlokale då dette vil vere meir i tråd med behovet. Kostnader knytt til bytte vere dekt av leigetakarene.

Det bør opprettast eit telefonnummer til NAV Vest Telemark slik at det blir enkelt å få tak i dei.

Det er ikkje akseptabelt med eit sentralt telefonnummer.

PS 29/19 Utviding av aksjekapital i Telemarkrøye AS

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune stiller seg positive til ei utviding av aksjekapitalen i Telemarkrøye AS. Løyving av inntil kr 500.000,- vert dekt frå dispensasjonsfond, konto 2510024.

Handsaming i Formannskap - 25.04.2019

Erik Skjervagen sa seg ugild i saka då han er styremedlem i selskapet og deltok ikkje i den vidare handsaminga.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 25.04.2019

Fyresdal kommune stiller seg positive til ei utviding av aksjekapitalen i Telemarkrøye AS. Løyving av inntil kr 500.000,- vert dekt frå dispensasjonsfond, konto 2510024.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2019

Erik Skjervagen sa seg ugild i saka då han er styremedlem i selskapet og deltok ikkje i den vidare handsaminga. Nils Kristian Moe gjekk inn som saksordførar

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2019

Fyresdal kommune stiller seg positive til ei utviding av aksjekapitalen i Telemarkrøye AS. Løyving av inntil kr 500.000,- vert dekt frå disposisjonsfond, konto 2510024.